



«MOTTAKERNAVN»

«KONTAKT»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

Dykkar ref. Sakshandsamar:
«REF» Tove Mette
 Fyllingen

Vår ref. Telefon
2010/1621 - 0 - 56 37 51 75
12405/2012

Arkivkode: Dato:
37/57 22.05.2012

Melding om vedtak

Klage på vedtak - endra vilkår for dispensasjon for bustad på gbnr 37/57

Vedlagt fylgjer saksutgreiing med vedtak.

*Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. lov om offentleg forvaltning.
Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen du mottok vedtaket. Det er nok at klagen er
postlagt innan fristen går ut.*

*Klagen kan sendast skriftleg til avdelinga som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram
kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal
grunnngjevast.*

Med helsing

Tove Mette Fyllingen
administrasjonskonsulent





Arkiv: 37/57
Saksmappe: 2010/1621
Sakshandsamar: Knut Bjørnevoll
Dato: 24.04.2012

Utvalssak nr.	Utval	Møtedato
93/12	Plan- og miljøutvalet	09.05.2012

Klage på vedtak - endra vilkår for dispensasjon for bustad på gbnr 37/57 - Myking

Saka skal avgjerast endeleg i plan- og miljøutvalet.

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Klagen vert teken til følgje, slik at vilkår nr 1.3 i plan- og miljøutvalet sitt vedtak frå møte 28.03.2012 går ut.

Tilkomstvegen til bustaden vert godkjent som omsøkt, med krav om sikring som skal hindra utforkjøring.

Vedtaket er heimla i TEK § 8-8 og grunngjeve i vurderinga nedanfor.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning.

Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ønsker. Klagen skal grunngjevast.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 09.05.2012

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 09.05.2012

Klagen vert teken til følgje, slik at vilkår nr 1.3 i plan- og miljøutvalet sitt vedtak frå møte 28.03.2012 går ut.

Tilkomstvegen til bustaden vert godkjent som omsøkt, med krav om sikring som skal hindra utforkjøring.

Vedtaket er heimla i TEK § 8-8 og grunngjeve i vurderinga nedanfor.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning.

Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ønsker. Klagen skal grunngjevast.

Saksutgreiing:


Saksdokument vedlagt:

- Klage datert 21.04.2012
- Dispensasjonssak Plan- og miljøutvalet 28.03.2012

Saksdokument ikkje vedlagt:

- Lenke til saksmappa: <http://85.200.246.205/eInnsyn/Journalpost/Sak?sakId=15296>

Situasjonsplan:



Vedtaket til plan- og miljøutvalet 28.03.2012 lyder:

1. Med heimel i plan- og bygningslova § 19-1 jf § 19-2 og grunngjeving i saksvurderinga, vert det dispensert frå plankravet i kommuneplanen pkt 1.1 (Pbl §11-6) for oppføring av bustad, på følgjande vilkår:
 - 1.1 Før utføring av arbeid må det ligga føre løyve til tiltak, og arbeida må vera sett i gang seinast 3 år etter at søknad om dispensasjon er godkjent, elles fell dispensasjonen bort. Det same gjeld dersom arbeida er innstilt i meir enn 2 år, jf pbl § 21-9. Fristane kan ikkje forlengast.
 - 1.2 På tomta skal det oppførast einebustad, evt med sekundærhusvære med inntil 65 m² bruksareal (BRA).
 - 1.3 Stigning på kjøretilkomsten skal ikkje vera brattare enn 1:8.
 - 1.4 Dispensasjonsvedtaket skal sendast til fylkesmannen i Hordaland og til Hordaland fylkeskommune til klagevurdering.
2. Med heimel i Forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK 10) §§ 8-6 og 12-2 og grunngjeving i saksvurderinga, vert det gjort unntak frå krav til gangtilkomst og tilgjengeleg bueining.

Tiltakshavar klagar på dette vedtaket i brev datert 21.04.2012, der ho mellom anna skriv:

Vi har forsøkt å legge veien opp til bustaden slik at den etter forholdene blir minst mulig bratt, ved siden av høyeste punkt av eksisterende vei og slik at den skal ta minst mulig av beitelandet til hovedbruket. Stigningen på veien slik det er skissert inn i søknaden er 1:7,3.

For å klare kravet til stigningen på 1:8 fra tomten og nedover må vi skyte bort en bergnabb ved høyeste punkt, og legge min vei parallelt med eksisterende vei og langt ned i lia. Dette vil medføre tap av mer beiteland for hovedbruket og ganske store merutgifter for meg. For å skjære inn veien slik må det sikres i stor grad både ovenfor og nedenfor mot eksisterende private vei. Om vi i det hele tatt kan klare en stigning på veien tilsvarende 1:8 blir også det store spørsmålet siden det er bratt hele lia nedover, og dette igjen må kompenseres. Dette var bakgrunnen for at vi har forsøkt å legge veien inn fra høyeste punkt av eksisterende vei. (En helt personlig betraktning på dette stigningskravet i loven er jo at det umulig kan være satt av noen fra Vestlandet, eller som er interessert i at noen skal bosette seg utenfor sentrale Østlandsområder.)

Om vi skal klare kravet til 1:8 fra høyeste punkt fra eksisterende vei må vi forbi tomten og vestover, der det igjen går nedover slik at det må fylles i masse, og lage til sving videre oppover. Dette vil også ta mer av beitelandet til hovedbruket, ha store merutgifter og sikkerheten med en sving der kan jo bli et spørsmål.

Jeg ber derfor om å få avvike fra stigningskravet 1:8 til 1:7,3 på kjøretilkomsten til bustaden. Dette vil i minst mulig grad ta beiteland fra hovedbruket og være den beste løsningen med hensyn til sikkerheten på veien.

Teknisk forskrift (TEK) § 8-8. Kjøreatkomst

Byggverk skal ha tilfredsstillende kjøreatkomst tilpasset byggverkets funksjon.

Forskrifta set ikkje eksakte krav til stigning, men opnar for skjønn frå kommunen si side. I dispensasjonssaka som plan- og miljøutvalet godkjende i møtet 28.03.2012, var eit av vilkåra at tilkomstvegen skulle ha maksimal stigning 1:8 (12,5 %). Dette har vore eit standardkrav, som Lindås kommune har brukt for tilkomstveg til heilårsbustad i seinarae år. Kravet om maks stigning 1:8 er grunngeve med at vegen skal vera framkommeleg også på vinterføre. Dersom vegen skal vera brattare, må det ekstra sikring til, for å hindra utforkjøring, om eit kjøretøy skulle komma på gli. Kommunen har tidlegare godkjent brattare private vegar, og det finst også kommunevegar som er brattare; 1:6 og opp i 1:5, men i dag vert dei ikkje bygd brattare enn 1:8. Saka har også vore drøfta med kommunen si vegavdeling, som meiner at ein må kunna opna for brattare tilkomstveg når terrenget er så bratt som her.

I denne saka er det godkjent avkjørsle frå fylkesvegen til eksisterande privat fellesveg og privat veg for Fimland si tomt dei 100 metrane. Fellesvegen er på nokre strekningar 1:7, og vegen til Fimland må gjerast vesentleg lenger enn omsøkt, for å få stigning 1:8.

Vurdering:

Adminstrasjonen er samd med søkar i at terrengforholda ved tomta er slik at normalkrava til stigning på kjøretilkomst vil medføra urimeleg stort terrenginngrep og høge kostnader. Vi vil difor rå PM i til å ta klagen til følgje og gjera unntak frå kravet til maksimal stigning i denne spesielle saka.